



## **Forskrift om frist for spreiring av gjødselvarer av organisk opphav i Vestnes kommune, Møre og Romsdal.**

Fastsett av Vestnes kommunestyre 16.06.2011 med heimel i lov 12. mai 1995 nr 23 om jord (jordlova) §3 og § 11 første ledd, jf. forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav.

### **§ 1. Føremål**

Forskrift om frist for spreiring av gjødselvarer av organisk opphav i Vestnes kommune har som føremål å hindre forureining til luft, vatn og vassdrag gjennom å sikre at gjødsla blir nytta best mogleg som ein ressurs for planteproduksjon.

Det er vidare eit mål å sikre at gjødsla blir disponert slik at omsynet til det biologiske mangfaldet blir ivaretatt.

### **§ 2. Virkeområde**

Forskrifta gjeld for spreiring av gjødselvarer mv. av organisk opphav som for eksempel husdyrgjødsel, silopressaft, avløpsslam, kompostprodukt og anna organisk gjødsel.

Forskrifta gjeld for Vestnes kommune med unnatak for dei områda som drenerer til Flatevågen.

### **§ 3. Definisjonar**

Med vassdrag meinast alle elvar, bekkar, innsjøar og anna vassamling som er vassførande heile året ved normale nedbørsmengder.

### **§ 4. Forbod mot vass- og luftforureining**

Gjødselvarer av organisk opphav skal disponerast slik at dei ikkje fører til forureining eller fare for forureining, eller på anna måte er i strid med omsyn nemnt i § 1.

### **§ 5. Spreietidspunkt og mengde**

Spreiring av gjødselvarer av organisk opphav kan berre utførast i perioden frå 15. februar til 1. november. Det er ikkje lov å spreie gjødselvarer på snødekt eller frosen mark.

Spreiring utan nedmolding/nedfelling på eng og anna grøde bør gjerast så tidleg i vekstsesongen at det er mogleg med betydeleg gjenvekst som blir hausta eller beita og skal gjerast seinast 20. september.

I perioden 1. – 20. september skal det ved spreiring utan nedmolding/nedfelling på eng og anna grøde, maksimalt nyttast 2 m<sup>3</sup> pr dekar.

Ved spreiring utan nedmolding/nedfelling på eng og anna grøde i perioden 1.-20. september skal det stå igjen ei sone på minimum 6 meter der det ikkje blir spreidd gjødsel inn mot kanten av vassdrag og sjø. Det blir rådd frå å spreie gjødselvarer mv.

av organisk opphav på mark med halling mot vassdrag og sjø i perioden 1. til 20. september.

Det er den som spreier gjødselvarer av organisk opphav sitt ansvar å sjå til at det skjer slik at det ikkje fører til forureining eller fare for forureining av luft, vatn, vassdrag og sjø.

#### **§ 6. Dispensasjon**

I særlege høve kan kommunen gi dispensasjon frå § 5. Søknaden må vere skriftleg og grunnigjeven.

#### **§ 7. Forhold til andre lover og forskrifter**

Krav ut over denne forskrifta som er sett i andre lover eller forskrifter må vere oppfylt.

#### **§ 8. Klage**

Enkeltvedtak gjort av kommunen etter denne forskrifta kan klagast til fylkesmannen. Klagefrist er 3 veker etter mottak av vedtak. Klagen skal sendast om kommunen.

#### **§ 9. Ikraftsetjing**

**Forskrifta trer i kraft frå 1. september 2011.**